

Forskrift om mellombelse auka bompenger i Oslo

Heimel: Fastsett ved kgl.res. xx.xx.2017 med heimel i lov 21. juni 1963 nr. 23 om vegar (veglova) § 62 første ledd, jf. § 27 andre ledd. Fremma av Samferdselsdepartementet.

§ 1 Føremål.

Føremålet med forskrifta er å redusere luftforureininga i Oslo ved bruk av mellombelse auka bompenger som eit trafikkreduserande tiltak i periodar med høg luftforureining.

§ 2 Vilkår.

Oslo kommune kan vedta at det skal takast i bruk mellombelse auka bompenger i dei 22 sentrumsnære bomsnitta i Oslo-pakken (Oslo-ringen) etter denne forskrifta når grenseverdiane etter forurensningsforskriften § 7-6 er overskride eller ved fare for slik overskriding.

§ 3 Takstane.

Dei auka bompenger skal vere fem gonger så høge som takstane som gjaldt pr. oktober 2016. Dei auka takstane skal vere mellombelse og kan nyttast i korte periodar.

Takstane etter forskrifta skal omfatte alle trafikantgrupper med unntak av trafikantar som er gitt fritak frå betaling av bompengar.

§ 4 Bruk av bompengeinntekter frå ordninga.

Inntekter frå takstauken etter § 3 kan nyttast til dekking av kostnader til dei tiltaka Oslo kommune og Akershus fylkeskommune finner er naudsynt for å få ned biltrafikken i perioden det gjeld.

Inntekter frå takstauken som ikkje blir nytta til tiltak etter første ledd skal bli fordelt i samsvar med Oslopakke 3-avtala.

§ 5 Myndigheit til å fastsetje endringar i forskrifta.

Departementet kan fastsetje endringar i denne forskrifta.

§ 6 Ikraftsetjing.

Forskrifta trer i kraft straks.